

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
094/17	Plan- og miljøutvalet	PS	19.09.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Line Thuen Waage	15/2222

Klage på godkjent reguleringsplan Fonnebostvegen, plan-id 1263-201516

Vedlegg :

Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan - Gnr. 108 bnrMerknader til Lindås kommune vedrørende klage av 18Føresegner Fonnebostvegen rev. 06.07.2017 (3)Planomtale rev 28.6.017Reguleringsplan, 28.06.2017Vedk klage på vedtak - Reguleringsplan - Fonnebostvegen - Planid 1263-201516Klage på kunngjering av godkjent reguleringsplan - Fonnebostvegen2.gangs handsaming av reguleringsplan for Fonnebostvegen, gbnr 108161 Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova §12-12, jf.§ 1-9, tek ikkje plan- og miljøutvalet klagen til følgje. Klagen vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, jf.fvl.§33.

Det er ikkje grunnlag for å omgjere vedtaket av eget tiltak, jf. forvaltningsloven paragraf 35 første ledd bokstav c.

.....

Plan- og miljøutvalet - 094/17

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §12-12, jf.§ 1-9, tek ikkje plan- og miljøutvalet klagen til følgje. Klagen vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, jf.fvl.§33.

Det er ikkje grunnlag for å omgjere vedtaket av eget tiltak, jf. forvaltningsloven paragraf 35 første ledd bokstav c.

Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Plan- og miljøutvalet er vedtaksmynde for klager på godkjente reguleringsplanar. Dersom utvalet vel å ta klagen til følgje, er dette eit enkeltvedtak som kan påklagast. Eventuelle større endringar på reguleringsplanen utover kommunestyret sitt vedtak må takast opp til ny handsaming i kommunestyret. Om klaga vert avvist går klagen til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Bakgrunn

Reguleringsplan for Fonnebostvegen vart godkjent av kommunestyret i møtet 21.06.2017. Det kom inn klage frå Statens vegvesen på kommunestyret sitt vedtak.

Forvaltningslova gjeld i klagesaker saman med reglane i plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 1-9. Klagefristen er i følgje forvaltningslova §29 på 3 veker frå underretning om vedtaket kom fram til part, eller frå den dagen vedtaket vart kunngjort offentleg. I denne konkrete saka er klagane registrert innanfor klagefristen.

Vilkåra for å handsame klagen er til stades, jf. forvaltningslova §32 og §34.

Innhaldet i klagen

Klagen til Statens vegvesen i brev datert 18.08.2017 gjeld at deira uttale til planen, datert 20.02.2017, ikkje er registrert eller kommentert av kommunen ved handsaming av innkomne merknader til planframlegget. Klagen er knytt til merknadene i sistnemnte brev, og gjeld fire hovudpunkt:

1. Krav til at busslomma vert regulert med ei utforming som tilfredsstillar handbok N100
2. Krav til at det vert innarbeidd eit rekkjefølgjekrav om at krysset med fylkesveg 400 skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplan før det vert gjeve mellombels bruksløyve for dei nye bustadane
3. Før reguleringsplanen kan godkjennast skal det utarbeidast detaljplaner for krysset som viser at dei tekniske krava til friskt, kurvatur og stigning i handbok N100 er oppfylt. Detaljplanane skal godkjennast av Statens vegvesen
4. Før det kan setjast i gang med arbeid for utbetring av krysset skal det vere inngått ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen og det skal utarbeidast ein skilt- og sikringsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen

I brev frå Statens vegvesen datert 23.08.2017 gjeld klagen nye opplysningar. Opplysningane er knytt til omsynet til Den Trondhjemske postveg og at denne ikkje er nemnd i planomtalen. Statens vegvesen viser blant anna til at Den Trondhjemske postveg skal omtalast med eigne føresegner.

Vurdering

Statens vegvesen hevder å ha sendt brev datert 20.02.2017 til kommunen. Det aktuelle brevet er ikkje sendt til postmottak og er ikkje registrert hos kommunen. Administrasjonen har leita i kommunens systemer utan å finne spor av det nemnte brevet. Med bakgrunn i dette er ikkje uttalen kommentert ved handsaming av innkomne merknader til planframlegget. Uttalen frå Statens vegvesen blei først mottatt og kjent for Lindås kommune ved klagen av 18. august 2017, over éin månad etter at reguleringsplanen blei godkjent.

Etter administrasjonen sin vurdering gir ikkje Statens vegvesen nærmare begrunning for fleire av forholda i brevet av 18.08.2017, herunder korleis busslomma skal tilfredsstillast krava i handbok N100 eller konkret kva rekkjefølgjekravet går ut på. Det har ikkje lukkast administrasjonen å få denne informasjonen frå Statens vegvesen. Administrasjonen har gjort ei heilhetlig vurdering av innhaldet i klagen, og vurderer at forholda Statens vegvesen viser til er av slik karakter at dei ikkje vil vere avgjerande for kvaliteteten i planen.

Vidare meiner administrasjonen at det er uheldig at Statens vegvesen kjem med ny informasjon, her knytt til Den Trondhjemske postveg, etter at planen er vedtatt. Etter vår meining burde Statens vegvesen opplyst om forholda og deira haldning til postvegen allereie ved oppstart av planarbeidet. Det er svært viktig med god forvaltning av nasjonale kulturminner. I dette konkrete tilfellet er det snakk om at planforslaget legg opp til avkjørsel i ein ende av Den Trondhjemske postveg som i dag allereie blir nytta som kjøreveg av tre andre bustader. Tatt dette i betraktning vurderer administrasjonen at planen slik den er vedtatt, ikkje vil forringe tilstanden på postvegen slik den blir tatt i bruk i dag.

Administrasjonen viser til notat av 12.09.2017 frå Tomteselskapet, som følgjer som vedlegg, kor spørsmålet om merknadane sin betydning er grundig vurdert. Administrasjonen deler Tomteselskapets syn i denne saka.

Spørsmålet vidare er om dei innkomne merknadane/opplysningane frå Statens vegvesen gjev kommunen grunnlag for å omgjere vedtaket av eige tiltak fordi det er ugyldig, jf. forvaltningsloven paragraf 35 første ledd, bokstav c.

Etter ein gjennomgang av klagegrunnane og dei faktiske merknadane som kjem fram, finner ikkje kommunen at det foreligger slikt grunnlag.

Konklusjon

Kommunen legg til grunn at vi ikkje har mottatt brev av 20. februar 2017. Administrasjonen meiner at merknader som ikkje er mottatt av kommunen innan fastsatt frist, ikkje skal tas opp til nærmare sakshandsaming. Merknadene til Statens vegvesen har såleis kome inn for seint, og administrasjonen meiner risiko for feil i oversending/podtgang ligg hos Statens vegvesen. På denne bakgrunn meiner administrasjonen at det ikkje foreligger grunnlag for å endre reguleringsplanen, og finner ikkje grunn til å gi medhald i klagen.

Administrasjonen meiner at klagen bør bli sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, jf. fvl. §33.

